

650 aktive til Ulsteinvik

• 150 funksjonærar skal bidra under norgesmeisterskapen neste helg

FRIIDRETT

I dag er det ei veke til den store hendinga i lokal friidrett i 2015; Ungdomsmeisterskapen i Ulsteinvik.

– Då fristen for påmelding gjekk ut onsdag hadde vi fått påmelding frå 650 deltagarar. Vi har kapasitet til 750-800, men deltakartalet er vi godt nøgde med. Det er over dobbelt så mange samanlikna med senior-NM i Steinkjer, seier Trond Berg.

Han er leiar av hovudkomiteen for U-NM i den nye Ulsteinhallen 6., 7. og 8. mars.

– Heile landet er representert under eit slikt meisterskap, seier Berg vidare.

For Dimna IL er sjølvsgagt eit meisterskap av ein slik storleik eit gigantisk løft. Men det har også store fordelar for idrettslaget som har heile 150 aktive av ein medlemsmasse på 300.

– Det vil vere 150 funksjonærar i UM og vi nyttar dette høvet til å bygge vår organisasjon. Eit meisterskap aukar kompetansen i klubben, men vi kjem også til å få hjelpe av naboklubbane, ikkje minst på dommarsida, seier Berg. Dei har allereie eit samarbeid med klubbar som Fiskå, Hareid, Ørsta og Ålesund FIK i høve til treningar i Ulsteinhallen. Til UM vil nokre av desse klubbane samt Mid-sund og Molde stille med dommarar.

– Har overnatningsplassar vore den største utfordringa?

FAKTA

- Norgesmeisterskapen i friidrett for ungdom; 15-22 år vert arrangert i den nye Ulsteinhallen neste helg. Første stemnedag er fredag 6. mars.
- 650 aktive gutter og jenter er påmeldt til UM.
- Dimna IL er arrangør og dei stiller med 26 aktive utøvarar.
- 150 funksjonærar er engasjert for å løse NM trygt i land.



SJEFEN: Trond Berg er leiar for hovudkomiteen i U-NM.
Foto: JARLE MORDAL

– Deltakartalet
er vi godt
nøgde med

TROND BERG



HER VERT DET FULLT NESTE HELG: Den nye Ulsteinhallen er arena for 650 aktive under norgesmeisterskapen i friidrett for ungdom neste helg. Det vil vere plass til 1100 tilskodarar på tribuneplattformen. Og det vert gratis å komme inn. Foto: STAALE WATTØ

– Vi har fylt opp alle hotell på søre Sunnmøre, og enkelte deltagarar kjem også til å ta inn på hotell i Ålesund. Vårt ynskje var å leige eit hurtigruteskip til Ulsteinvik. Då kunne vi ha tilbydd 600 senger, men den avtalen glapp, seier hovudleiaren for UM. Det er berre nokre få ledige rom på hotell som ligg i nærleiken av Ulsteinvik.

– Vi er glade for at frivillige

frå klubbar som Hødd og sykkelklubben stiller opp for å hjelpe oss, seier Berg.

Gratis. – Kor mange tilskodarar vert det plass til?

– Det er 900 faste plassar i hallen. Med provisoriske løysingar i tillegg vil få plass til rundt 1100. Og det vert gratis å komme inn for å sjå meisterskapen, kan Trond Berg fortelje.

Dei aktive er sjølvsgagt i fokus under NM. Dimna IL skal sjøl stille med 26 aktive med verdsmeister i mangekamp; Karsten Warholm i spissen.

Høgskulen i Volda stiller med 30 studentar som skal sende «live» frå heile NM, samt at dei skal lage eigne intervju underveis.

JARLE MORDAL
jarle.mordal@smp.no